

Grenda som fekk gáve til seg sjølv

28.12.2014



Første post på programmet var juletonane til musikklaget

Vonheim heiter forsamlingshuset oppe i dalen og i namnet ligg det håp om litt av kvart. Og i denne jula har grenda fått ei julegåve til seg sjølv ettersom den restaurerte kjellaren i kveld vart teken i bruk etter stor dugnadssinnsats. I praksis innebar det at serveringa kunne gå føre seg i kjellaren utan ein stor omkalfatring oppe i salen. Dei eldre i festlyden kunne opplysa at kjellaren allereie for meir enn 50 år sidan var i bruk til sløydundervisning men at den aldri har vore nytta til møteverksemd. Men heretter vert den eit viktig pluss for bygdesamfunnet.



[Andakten var ved Inger Elise Helgeland](#)

Av uviss grunn var det nokre færre som møtte fram til årets juletrefest enn det som har vore vanleg dei siste åra - det var vel 50 på plass då musikklaget innleidde med juletonane sine.

Neste post var andakt ved Inger Elise Helgeland, som minte om kva som er den største julegåva av alle.



Anne Grethe Sjo i den nyrestaurerte kjellaren - ho tek fatt på eit nytt år

Deretter las femteklassingane Torbjørn Haugland og Gard Lunde juleevangeliet
- også det ein fast programpost - medan matøkt og nissevitjing fann stad nede
før leikane oppe. Og så kom juletregongen oppe - den har det ikkje vorte meir
plass til etter restaureringa.



Nye songar vart også sunge

Under gongen rundt treet, som var i bruk på stad nummer 3, merka vi oss at fleire nye og friske songer vart nytta.

Det neste som skal skje i Vonheim er årsmøtet på nyåret og leiar Anne Grete Sjo opplyser til uskedalen.no at ho vil ta fatt på ei økt til. Nesten heile styret er forresten kvinner og dei øvrige er Bente Miljeteig, Tor Ove Haugland, Linda Eide og Ingeborg Lunde. Truleg er det slik oppe i dalen at jentene bestemmer medan gutane køyrer gravemaskin.....

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen